



Notat

Til: Eli Bjørklid

Kopi til: Kjetil Eikefet, Rune Kilen

Saksbehandler: Teknisk drift/Linda Folkestad

Vår referanse: 15/2457 - 15/36723 / Gbnr - 123/9

Dato: 07.12.2015

Emne: Uttale avkjørsle - gbnr 123/9 Risa - utskilling av fritidstomt frå grunntomt

Statens vegvesen har sendt eit brev til Lindås kommune vedkomande kryss mellom Fv. 416 og kommunal veg til Risasjøen. Bakgrunnen for brevet var ei søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå krysset. Teknisk drift har vore på synfaring og sett på saka. Teknisk drift er eining med Statens vegvesen om at ein ikkje kan gje utvida bruk av eksisterande avkjørsle for fleire hytter, bustader etc., før krysset er stramma opp. Krysset slik det framstår i dag, er svært uoversiktig med for mange avkjørsler som munnar direkte ut i krysset. Dette gjer at krysset er svært utvida, uoversiktig og trafikkfarleg.

Fv.416 og kommunal veg er definert som samleveger. Avkjørsler kan ikkje være for tett ved slike vegar og ikkje for nært kryss. Hovudregelen er at avkjørsler skal samlast i størst muleg grad slik at ein unngår farlege situasjoner.

Privat fellesveg har avkjørsle for nær Fv.416. Denne avkjørsla må samanførast med avkjørsle på gbnr 123/13 dersom ein skal kunne gje utvida bruk av avkjørsla.

Gbnr 123/64 har etablert avkjørsle frå Fv 416. Denne plasseringa er i strid med godkjent avkjørsle. Avkjørsla skulle ha vore etablert frå felles privat veg. Sikt i avkjørsla slik den er plassert i dag er svært dårleg mot NV. Avkjørsla må flyttast slik at den vert plassert som i løyvet.

Konklusjon:

Krysset må strammast opp før ein kan tillete utvida bruk av avkjørsla. Teknisk drift har utarbeida eit forslag (sjå vedlagt situasjonskart) for korleis ein kan stramme inn krysset slik at det vert meir oversiktig og mindre trafikkfarleg.

Mvh

Linda Folkestad